



Sak 34-23 Møteplan 2024

Tilråding:

Styret vedtek slike møtedagar i 2024:

- Styret: 13 februar, 26. mars, 4. juni, 24. september, 26. november.
- Representantskapet: 23. april, 28. oktober (mandag)

Saksutgreiing:

Styret vedtok tilbake i 2021 eit årshjul for ulike saker, og dette har ein teke utgangspunkt ved oppsettinga av møteplanen for dei etterfølgande åra. For 2024 vert det tilrådd å vidareføre ordninga med to representantskapsmøte og fem styremøter per år og ha same årssyklusen i høve til kva saker ein skal igjennom.

Særskilt for 2024 er at eigarkommunane i desse dagar oppnemner nytt representantskap. Det er difor naturleg at VØR i tillegg til dei ordinære møta, også gjennomførast ei viss opplæring. Nytt styre er det representantskapet som oppnemner på sitt første ordinære møte i 2024, og også det nye styret vil ha behov for opplæring. Det er aktuelt med ei samordning av slik opplæring med Samfunnsbedriftene og med naboselskapa, og så er det sjølv sagt opp til styre og rep.skap kva ein ynskjer.

Styret blir også bedt om å ta stilling til om det er ynskjeleg med eit eigarmøte på nyåret. Det vart halde slikt møte i februar 2023 med positive erfaringar.

I samband med den pågåande utgreiinga rundt forbehandling av matavfall, er det ynskjeleg med eit felles styremøte for dei fem involverte selskapa, der ein får informasjon og drøfting rundt denne saka, og eventuelle andre aktuelle saker.

Møtedagane i VØR er lagt til tysdagar, som er den dagen vi har langope på miljøstasjonen i Hovden. Dette er praktisk i høve bomstyring og høvet til å kome og reise når det passar. Det er heller ikkje noko i vegen for at møta kan haldast i kantina på Melsgjerdet.

Møtedatoar 2024.

Det vert gjort forslag om følgjande møtedatoar:

- Styret: 13 februar, 26. mars, 4. juni, 24. september, 26. november.
- Representantskapet: 23. april, 28. oktober (mandag)

Møtedatoane er kontrollerte opp mot planane for politiske møte i Volda og Ørsta for 2024, og er så langt råd plasserte for å unngå møtekollisjon.

Hans Peter Eidseflot
Dagleg leiar

Vedlegg:

- Årshjul for saker til styret og representantskapet i VØR